



Landbruks- og matdepartementet  
Postboks 8007 Dep  
0030 Oslo

Landbruks- og matdep.	
Saksnr.: 14/1502	Doknr.:
Mottatt: 18 NOV 2014	
Saksben.:	Ark.:
Kopi:	Avskr.:

Postadresse:  
Postboks 59 Sentrum,  
4001 Stavanger

Besøksadresse:  
Lagårdsveien 44, Stavanger

T: 51 56 87 00

F: 51 52 03 00

E: fmropost@fylkesmannen.no

[www.fylkesmannen.no/rogaland](http://www.fylkesmannen.no/rogaland)

## Uttale; forslag til ny forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket

Vi viser til høyringsbrev; Forslag til ny forskrift om midlar til investering og bedriftsutvikling i landbruket, sendt ut av Landbruks- og matdepartementet (LMD) 1.oktober d.å. med høyringsfrist 28.november 2014. Fylkesmannen i Rogaland vil gi nokre innspel til framlegget, både av generell og meir spesifikk karakter.

### Generelt:

Fylkesmannen i Rogaland støttar at ei ny forskrift blir reindyrka for dei bedriftsretta midlane forvalta av Innovasjon Norge. Likevel meiner vi at forskrifta også bør ha med omtale som viser «koplinga» eller samanhengen med andre regionale utviklingsmidlar som t.d. Fylkesmannen sine UTM-midlar, samt tydeleggjere at midlane skal forvaltast ut frå regionale strategiar og føringar – sjå seinare om dette.

### Særlege innspel:

Her melder vi tilbake på enkeltparagrafar i framlegg til forskrift.

#### § 2. Tiltaksområder

Pkt. b) her brukast framleis «bygdenæringar». Etter vår meining kommuniserer ikkje bygdenæringar godt nok at dette eigentleg handlar om nye landbrukstilknytte næringar som skal etablerast, utviklast og overleva i opne marknader med fri konkurranse. Også sett i lys av at også «bygdeutvikling» er ute i ny forskrift – meiner vi at framlegget til formuleringa bør endrast. Vi ønskjer at heile formuleringa heller blir slik; «...utvikling av ny næringsvirksomhet basert på landbrukets ressurser».

#### § 3 Tiltaksgrupper og tilskotsnivå

Gjeld pkt 6. Investeringar i forbindelse med generasjonsskifte; Vi har blanda erfaringar med denne ordninga. Dei negative er mest knytte til at det blir gitt tilskott til lite framtidretta investeringar «primært» for å utløyse slike midlar. Målet bør jo vere at slike tilskott blir gitt som eit første steg i ei framtidretta trinnvis investering. Vi ønskjer at heile pkt. 6 tas bort – og heller omtalast under pkt. 3 Investeringar i produksjonsanlegg. Framlegg til tilleggstekst under pkt. 3 er; «Til personer som overtar landbrukseiendom kan det gis tilskudd til moderate investeringar, gitt at slike utgjør

første trinn i en fremtidsrettet trinnvis investering. Tilskuddsandel inntil 40 prosent av kostnadene, begrenset oppad til 40 prosent av godkjent kostnadsoverslag for tiltaket».

#### *§ 4 Søknad og utbetaling*

Framlegg til ny forskrift seier at «søknad om tilskudd skal sendes til kommunen». Kommunane har viktige oppgaver innan landbruksbasert næringsutvikling. Men når det gjeld punktet om at søknaden skal sendast (elektronisk) til kommunen, meiner vi at det ville vore enklare om søknaden blei sendt direkte frå søkar til Innovasjon Norge. Eitt ledd er med det spart og ei forenkling nådd. Så meiner vi likevel at kommunen bør ha eit viktig ansvar i arbeidet med søknaden. Formelt bør det vere eit krav om at uttale frå kommunen skal ligge ved søknaden. Så reknar vi med at kommunen har ei endå meir aktiv rolle enn berre å gi uttale – at dei er i tett kontakt med søkar om å få til eit best mogleg prosjekt. Men vårt råd er altså å spare eit formelt ledd på søknadsvegen og i arbeidet med delutbetalingar frå Innovasjon Norge til kunden. Med ei slik endring vil kommunen kunne frigjere tid til rådgjeving.

Endringar her må også sjåast saman med innhaldet i «Forskrift om kommunens saksbehandling vedr. søknader om finansiering av landbruk og bygdeutvikling».

#### *§ 5. Administrasjon, dispensasjon og klage*

Det som står i framlegget er greitt, men etter vår meining likevel noko mangelfullt. For god måloppnåing og regional legitimitet er det viktig at Innovasjon Norge forvaltar tilskota ut frå regionale strategiar og føringar. Dette har også LMD presisert i høyringsbrevet. Vi synes då det blir litt haltande når dette ikkje er omtala i sjølve forskrifta. Vårt framlegg til endring er å endre/utvide første setninga slik; «Tilskudd etter denne forskriften forvaltes av Innovasjon Norge, basert på regionale strategier og føringar». Alternativt til dette framlegget kan § 2 første setning endrast til; «Innenfor rammene fastsatt ved jordbruksoppgjøret og statsbudsjettet, og regionale strategier og føringar, kan mildere til.....»

#### *Ein ny paragraf eller utviding av § 5*

Det er viktig for den regionale partnerskapen at dei bedriftsretta midlane Innovasjon Norge forvaltar, også tek utgangspunkt i regionale strategiar og føringar. I dette ligg at ulike regionale aktørar sameiner seg om slike strategiar. I Rogaland har vi først og fremst ein eigen regionalplan på landbruksområdet – men ytterligare materialisert gjennom Regionalt Bygdeutviklingsprogram.

Vi ønskjer – og arbeider for, at ulike regionale verkemiddel verkar i saman. Tek vi utgangspunkt i ulike utviklingsmidlane frå jordbruksoppgjøret som føreset regional samhandling – og som har sterk relevant til dei bedriftsretta midlane – ja så meiner vi at dette bør synleggjerast i forskrifta som vi no uttaler oss om. Vi nemner her spesielt Fylkesmannens UTM og fylkeskommunens midlar til rekruttering, kompetanse og likestilling. Dei økonomiske midlane som skal nyttast til ulike utgreiings- og utviklingstiltak, må brukast slik at dei utgjer såbeddet for gode prosjekt som seinare kjem som investerings- og utviklingsprosjekt hjå Innovasjon Norge.

Med helsing

Hadle Nevøy  
landbruksdirektør

Geir Skadberg  
ass. landbruksdirektør

Dokumentet er elektronisk godkjent og har derfor ikkje underskrift

Saksbehandlar: Geir Skadberg  
Saksbehandlar telefon: 51 56 89 92  
E-post: fmrogsk@fylkesmannen.no

Kopi til:  
Innovasjon Norge Rogaland  
Rogaland Bonde- og Småbrukarlag  
Rogaland Bondelag  
Rogaland Skognæringsforum  
Rogaland fylkeskommune